

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Randaberg

Emne: Ård og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Tønnes Goa

Gard: Goa

(adresse): No Stavanger

G.nr. 60 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Johan Raustein Rygg meiner å ha sett eit reidskap som fig. 7 i heimen sin (Raustein i Randaberg) då han var gut.

For 40 - 50 år sidan vart det ~~sotåsegja~~ på kar gard i Randaberg brukte eit reidskap som likna det på fig. 10, men var noke hendigare (hadde t.d. to armar), til å hoppa poteter med. Ein drog, og ein styrde.

Då eg var liten (for 60-65 år sidan) og ei god stund senare vart brukt "grindaplog" til å plögja åkerjord med og "stangplog" til eng.

Grindaplog likna på fig. 11 og stangplog fig. 16. Men begge var hendigare og betre enn dei på figurane tykjest å ha vore.

Til grindaplogane vart brukt ein hest, til stangplogen to.

Sp. 2.

För mi tid vart ~~xxx~~ åkrane spadd og såkornet mylda ned med rive. Far hadde teke til med å bruke plog og harv för mi tid.

Sp. 3, 4, 5, 6, 7 og 8:

Sjå svar på sp. 1.

Sp. 9.

Ikkje det eg veit um. Sjå svar på sp. 11.

Sp. 10.

Gjeng ut.

Sp. 11 Og 12.

Det einaste eg kan svara på dette, er at ~~xxx~~ eg har eit svakt minne ~~minne~~ om ~~far~~ far snakka om ard.

Dersom ard var brukt, var den tvillaust laga av bygdesmedar.

Sp. 13.

No brukas berre dei beste plogar som kan skaffast.

I dei siste åra er det blitt til so å segja berre traktorplögjing.

Som gut såg eg grindaplogar som var laga av bygdesmedar. Dei fyrste fabrikkplogane kom truleg i bruk kring 1880. Far var vel den fyrste i bygda som fekk seg moderne stangplog. I 1881 eller 82 tinga han og fekk to av desse frå "Hjalmafors Bruk" i Sverig. Prisen såg eg på fakturaen ein gong, men har no glömd han.

Sp. 14.

Ingen som liver i bygdi no. veit om ein slik plog.

Sp. 15.

Ukjend.

Sp. 16.

Emne nr. 1. - forts.

Sp. 16. Plogen vart for det meste velta til den sida der velfjöla var.

Sp. 17 Og 18.

Nei.

Sp. 19. Stilbar slepsko på grindaplog, hjul på 3,4,5 tomar. Stilbar slepsko på grindaplog, hjul på stangplog.

Sp. 20.

På stangplogar var det en mistill. Kniv kalla me det.

Sp. 21, 22, 23. Og eg trur ikkje at nokon i Ran-

Ikkje det eg veit om. Og eg trur ikkje at nokon i Ran-

daberg har brukt slike plogar.

Avg tilleggsopplysninga kan eg berre sjé desse:

Av Ard må ha vorte uttala ar, og ordet må ha vore han-

kjönn, Eg hugsar at far, då eg var liten, sa blau. Seinare

Eg hugsar at far, då eg var liten, sa blau. Seinare
sa han nok for det meste plog - plogjen. Hankjönn.

Norsk etnologisk gransking,

Bygdøy.

V/ cand. philol. Andreas Ropeid.

Etter den lovnad eg gav Dykk i sumar, har eg no - so langt det let seg gjera - samla tilfang til svar på dei svaremne De sende meg.

Som eg sa til Dykk i sumar, lieg dei beste heimelsmennene no i gravi. Dei som er att, veit ikkje mykje meir om gamlt enn det eg visste sjølv: Sumt som far far fortalte, og sumt som eg såg og hørde heime og andre stader. Av tri heimelsmenn fekk eg likevel vita nokre få ting eg ikkje visste omm før, og so hjelpte dei til å stydja opp om mitt eige minne.

Far var fødd i 1840 og døydde i 1932, fullt undefrisk til det siste. Han budde på Goa i Randsberg all sin dag. Sjølv er eg fødd på Goa i 1882. I dei siste 50 år har eg for det meste budd Stavanger, men har heile tidi hatt god kontakt ned bygdi og heimen (Goa i Randsberg).

Dei heimelsmennene eg har nytta, er:

Syster mi Malena Sande, f. 1874,

Johan Raustein Rygg, f. 1875 og

Jan L. Viste, f. 1875 eller 1876.

Alle bur og har alle dagar budd i Randsberg.

Eg sender Dykk mi beste helsing, og bed Dykk orsaka at det tilfangset eg sender, vert so alt for litet.

T. Goa